

**REGULERINGSPLAN FOR SVIVOM II,  
GNR. 123 BNR. 22 I TOKKE KOMMUNE**

**REGULERINGSFØRESEGNER**

**REGULERINGSFØREMÅL**

Reguleringsplanen inneholder følgjande føremål:

Byggjeområde - fritidsbustader, Pbl. § 25.1

Offentlig trafikkområde Pbl. § 25.3

Fareområde – høgspentanlegg Pbl. § 25.5

Spesialområde Pbl. § 25.6

- friluftsområde
- frisikszone
- privat veg og parkering
- Drikkevasskjelde

**§ 1 FELLESFØRESEGNER**

- 1.1 Det er ikke høve til å setje opp gjerde innanfor det regulerte området
- 1.2 Renovasjonsordning for området skal fylge det til ein kvar tid det som er gjeldande for kommunen.
- 1.3 Kabelgrøfter for straum o.l. skal så langt det let seg gjere leggjast i veg/veggrøft.
- 1.4 I Kambtjønn kan det etter avtale med grunneigar tillatast pråmfeste.
- 1.5 Enkle tiltak i strandsona for å leggje til rette for bading kan etter avtale med grunneigar tillatast.
- 1.6 Etter at planen er godkjend er det ikke høve til å etablere private avtaler i strid med planen.
- 1.7 Alle parsellar som er og skal frådelast eigedomen Svivom II skal knytast til ei framtidig vatn- og avlaupsordning.

**§ 2 BYGGJEOMRÅDE - fritidsbustader**

- 2.1 Hyttene skal harmonere med omgjevnadene når det gjeld utforming, materialval og farge.
- 2.2 Takvinkel skal vere mellom 22 og 30 grader og taket skal tekkjast med torv eller tre.
- 2.3 Hyttene skal oppførast i ei høgd med maks gesimshøgde på 3 meter og mønehøgd på maks 5 meter.

- 2.4 Maks bruksareal (BRA) på hovudhytte er 120 m<sup>2</sup>. I tillegg kan det tillatast anneks på inntil 30 m<sup>2</sup> og uthus på inntil 20 m<sup>2</sup>. Bygningane skal leggjast slik at dei saman dannar tunform.

## § 3 SPESIALOMRÅDE

### 3.1 Frisiktsone

- 3.1.1 I frisiktsoneiene skal det ikkje vere sikthindrande vegetasjon eller anna som er høgare enn 0,5 meter mot tilstøytande vegbane.
- 3.1.2 Ved utvida bruk av hovudadkomst, t.d. ved at naboeigedomar vert tilknytt, vil kravet til frisikt vere 10\*140 meter.

### 3.2 Friluftsområde – land

- 3.2.1 Mindre bygningar og anlegg som fremjar friluftsinteressene i området kan tillatast.
- 3.2.2 I friluftsområdet kan det gravast ned straumkablar og leidningar knytt til godkjend V/A-anlegg, der det ikkje er naturleg at desse følgjer vegar i området. Grøftetrasèar skal leggjast så skånsamt som råd i terrenget og stellast i stand/ såast til etter at gravearbeidet er avslutta.

### 3.3 Privat veg og parkering

- 3.3.1 Vegar skal opparbeidas etter standard skogsbilveg klasse III.
- 3.3.2 Før det kan tillatast utvida bruk av sørlege avkøyring, må avkøyringa vere godkjend av statens vegvesen.
- 3.3.3 Etter at ny hovudavkøyring til Svivom II er godkjent, kan parkering P1 berre nyttast av hyttene på tomt 1 og 4 i planen.
- 3.3.4 Før det kan gjevast løyve til bygging på tomt 2, 3 og 5 i planen, må det vere utarbeidd ny veggtilkomst til P1 eller veg fram til tomtena 1, 2, 3, 4 og 5. Eksisterande avkøyring til P1 skal då stengast.

### 3.4 Drikkevasskjelde

- 3.4.1 Drikkevasskjelder/ vasspostar skal om naudsynt sikrast med inngjerding, brønnhus e.l.

Fyresdal 18.02.08

For  
Agder Telemark Planselskap  
Gunhild Slyngstad